


ÅRSMELDING OG REKNESKAP

VOLDA OG ØRSTA REINHALDSVERK IKS



2011

STYRETS ÅRSMELDING 2011

2011 er Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS (VØR) sitt 24 driftsår. VØR er heileigd av Ørsta og Volda Kommunar og eigarane heftar for selskapet sine disposisjonar med 50% på kvar. Selskapet ligg i Hovdebygda i Ørsta Kommune og driv med innsamling og behandling av avfall og slam på vegne av eigarkommunene.

Abonnementfordeling:

<u>Kommune</u>	<u>Hushaldnings og fritidshusabb</u>	<u>Slamabb</u>
Ørsta	4477	842
Volda	3804	458
Sum	8281	1300

Styringsorgan

Representantskapen avvikla 2 møter og styret 3 møter dette året.

Representantskapens sine medlemar er: Arnfinn Dahl – leiar, Signe Turid Barstad – nestleiar, Anne-Britt Aambø Hallaråker, Astrid Gjersdal, Per Kåre Nettet, Nils Trovåg, Wenche Volle, Jostein O. Mo

Styret sine medlemmer: Ivar Aarskog– leiar, Ann Britt Våge Fannemel - nestleiar, Aase Margrete Leite, Idar Flo og Ove Myklebust (tilsette representant)

DRIFTA

Innsamling og avsetning av avfall går som normalt i 2011. Attvinningsgraden i 2011 er 99 %. Dette fordelar seg på 51 % energiattvinning og 48 % materialattvinning. 0,6 % går til deponi og er ikkje brennbare fraksjonar som eternit og byggisolasjon.

Reine fraksjonar utan innslag av ureining er fortsatt eit vilkår får materialattvinning. Glas med innblanding av eldfaste former, krystall eller keramikk er ikkje eigna til attvinning. Plast som inneheld matrestar kan heller ikkje attvinnast. Tilsvarende er det med papp og papir og hageavfall. Plastsekkar i hageavfallet blir ikkje til jord når vi komposterar den, og ingen vil ha jord som inneheld plastbitar.

Nedanfor er ein tabell som syner mengder i -11 mot -10.

<i>Avfallsmengder i tonn</i>	2011	2010
Hushaldningsavfall	3632	3684
Papir / papp	1185	1125
Plast	32	15
Glas	218	108
Farleg avfall	128	77
E.E. avfall	232	215
Hageavfall	Ca 2000	Ca 1700
SUM	7427	6924

Drifta i året er prega av ”business as usual” for abonnentane. Innsamlinga har gått som normalt, og miljøstasjonen har hatt sitt første heile driftsår til glede både for abonnentar og oss som jobbar her.

Internt har vi brukt mykje ressursar på fleire store anbod, og på systemmessig å vere førebudd til innføring av plastinnsamling for alle i 2012. Norkart Geoservice AS vann anbodet om nytt

forvaltningssystem. Dette er ei stor omlegging, som vil vere i drift første halvår-12. Norsk Scania AS vann anbodet om levering av to nye renovasjonsbilar til erstatning for to gamle. Dei to bilane vart leverte til jula -11. HRR Miljø AS vann anbodet om å ta imot restavfallet vårt dei neste tre åra. Avtalen kan lengjast med 1 + 1 år.

Blanda avfall frå hushaldningane.

Mengdene restavfall har flata ut siste åra. Den same utviklinga ser vi i 2011. Fram til og med november 2011 blir restavfallet levert til Rekom AS med krav om energiattvinning. Mottakarane er i all hovudsak Nordmøre Energiattvinning på Averøy og Tekniska verken i Linköping. Frå desember er det HRR Miljø AS på Hamar som tar over kontrakta. Mottakar er Norcem AS i Brevik, men også Eidsiva Energi AS på Hamar og Sarpsborg Energigjenvinning AS er nytta som mottakar.

Papp, papir og drikkekartong.

Innsamla kvantum hos hushaldningane ser ut til å vere stabile over tid. I 2011 er vi på nivå med 2009, etter ein litgen nedgang i 2010.

Det lesbare papiret blir sortert og går til produksjon av nytt avisepapir. Pappen blir resirkulert til ny papp og drikkekartongen blir til konvoluttar og postkort.

VØR er med i returkartonglotteriet, og i 2011 var vi med på trekninga heile tre gangar. Både Markus L. Førde, Hovdebygda Barnehage og Heltenbøen Barnehage vart uttrekte som vinnarar av kr 10.000,- i 2011. Vi gratulerer.

Glas og metall

Det meste av glaset går som råvare til produksjon av isolasjonsmaterialet steinull. (Glava) Innsamla mengder glas har auka siste året etter å ha vore stabilt i mange år.

Plast

Plast går til Tyskland for attvinning via Grønt Punkt Norge AS som er vår avtalepart. Etter mange år med materialattvinning på 30-40 % av den innsamla plasten, gir moderne sorteringsteknologi no ei attvinningsgrad på rein og tørr hushaldningsplast på opp mot 80 %. Det er også grunnen til at fleire og fleire kommuner no satsar på plastattvinning.

Farleg avfall.

I 2011 samanlikna med 2010 tala kan det sjå ut som auken i innsamla farleg avfall er stor i høve 2010. Det er ikkje heilt rett. Mengda farleg avfall er relativt stabilt år for år. Auken skuldast lagersituasjonen ved inngangen av 2011 av blybatteri, og at vi i 2011 rapporterar kreosotimpregnert trevirke i tala våre for første gang.

Vi har som før 10 stasjonar for farleg avfall ute på bygdene i tillegg av Miljøstasjonen i Hovdebygda. Stasjonane på bygdene er også mottaksplass for mindre typer elektroavfall.

Slam.

2011 er det berre innsamling av slam frå kommunale fellestankar, frå dei med årleg tøming og dei med tette tankar. Innsamlinga gjekk greit for seg og vart avslutta i god tid før vinteren..

Elektrisk Elektronisk avfall.

Innbyggjarane leverte litt meir E.E. avfall pr person til Miljøstasjonen i 2011 i høve 2010, men vesentleg mindre enn i 2009. Grunnen er nok at dei landsdekkande kjedene som no er etablert i Volda og Ørsta har eigne ordningar for mottak av EE avfall. Innsamlinga har returselskapa Elretur AS og ERP Norge AS stått for.

Eigarskap i andre selskap.

Vi har eigarskap i andre selskap fordi dette gir oss auka kompetanse, samla god ressursutnytting og styrker vårt driftsresultat.

Ved utgangen av 2011 har vi slikt eigarskap i andre selskap:

- 30 aksjar i Rekom AS (0,64% eigarskap) Rekom AS er eit firma som har spissa kunnskapar innan mekling av avfall. Firmaet held til i Bergen og er eigd av kommunar og interkommunale avfallsselskap. Mesteparten av VØR sitt utgåande avfall vart i 2011 mekla via Rekom AS.

- 77 aksjar i Retura Norge AS (0,64% eigarskap) Firmaet driv mest med sal overfor kundar som krev landsdekkjande avtalar for avfall. Selskapet driv i tillegg med innkjøp, IT drift og kompetanseutvikling for Returaselskap i heile landet. Firmaet held til i Oslo og er i all hovudsak eigd av kommuner og interkommunale avfallsselskap.

- 50 aksjar og 100% eigarskap i Retura Søre Sunnmøre AS(RSS). Selskapet driv med innsamling, sortering og vidaretransport av avfall i Volda og Ørsta. Selskapet har ei omsetning i 2011 på 18,5 mill kr og 7 tilsette. Selskapet er ein lokal totalleverandør av avfallstenester. Selskapet held til på vårt område i Hovdebygda og drifta i RSS er med på å halde nede kostnadene både for VØR og RSS på grunn av god utnytting av felles bygningsmasse, spesialutstyr og personalressursar.

Personal, arbeidsmiljø, ytre miljø, sjukefråvær og ulykker.

VØR har ved utgangen av året 14 fast tilsette. Dei tilsette har synt god arbeidsvilje, og løyst utfordringane i 2011 godt.

Internkontrollsystemet er oppdatert og det er gått vernerunder saman med bedriftshelsetenesta for å kartlegge arbeidsmiljøet og avdekke eventuelle avvik. Alle oppdaga avvik blir rapportert skriftleg.

Arbeidsmiljøsituasjonen i VØR er generelt bra. Vi organiserar aktivitetane på anlegget slik at risikoen for ulykker på anlegget og utslepp til det ytre miljø vert minimert. Vi har eigen Sikkerhetsrådgivar, slik forskriftene for anlegg med farleg avfall krev.

Likestilling er gjennomført i styrande organ, og vert teke omsyn til ved alle nytilsetningar.

Av våre tilsette er 4 kvinner

VØR hadde 2,08 % eigenmeldt korttidsfråvær (< 3 dagar) og 5,77 % legemeldt sjukefråvær.

Av det legemeldte sjukefråværet er 1,00 % fråvær mellom 3 og 16 dagar og 4,77 % fråvær over 16 dagar. Totalt eit sjukefråvær på 7,85 %. Vi har ikkje registrert dagar med sjukefråvær på grunn av arbeidsuhell i 2011.

Vi har ikkje registrert tilfeller av forureining til det ytre miljø i 2011. VØR sine bilar har alle miljøvennlege Euro-motorar.

Representasjon.

Ivar Aarskog, Aase Margrete Leite, Ove Myklebust, Gunn Velle Tranvåg og Petter Bjørdal representerte VØR på årsmøte og temadagar i Avfallsforum Møre og Romsdal i mars.

Ann Britt Våge Fannemel, Aase Margrete Leite, Gunn Velle Tranvåg, Anne Mette Farstad og Petter Bjørdal deltok på den nasjonale avfallskonferansen i Sande i Vestfold i juni.

Aase Margrete Leite og Ove Myklebust deltok på studietur til Fredrikstad i regi av Avfallsforum Møre og Romsdal i september. Ivar Aarskog, Aase Margrete Leite, Ove Myklebust og Petter Bjørdal deltok på Haustkonferansen til Avfallsforum Møre og Romsdal i Kristiansund.

RAMMEVILKÅR.

Konsesjon og forskrifter

Vilkåra for drift av sorteringsstasjonen til VØR er gitt i konsesjon datert 12.11.97. VØR etterlever konsesjonskrava og dei kommunale forskriftene av 30.06.04

Slam

VØR mellomlagrar avvatna slam i Alida. Dette er gjort i medhald av løyve frå Fylkesmannen datert 16.12.91. VØR etterlever disse løyvekrava. VØR arbeidar med å finne ei permanent ordning for slamhandsaminga.

ØKONOMI.

VØR rapporterer sitt rekneskap til SSB –Kostra pr resultatområde. Regelverket for utrekning av kommunale gebyr krev at svingingar i inntekter og kostnader, dvs overskot eller underskot skal framførast det aktuelle resultatområdet og brukast eller dekkast inn etterskotsvis i ei periode på 3-5 år for å oppnå mest mogleg stabile gebyr.

VØR sette ned gebyra i 2008-09-10 og 11. I 2012 er gebyra uendra frå -11. Dette for å tilbakeføre tidligare års overskot til abonnentane.

Årsresultatet av drifta syner eit underskot på hushaldningsrenovasjon på 1.308.007,- som vert dekt av bunde fond hushaldningsgebyr.

Årsresultatet syner eit underskot på slam på kr 355.632,- som vert dekt av bunde fond slamgebyr. Inntekter og kostnader for slamområdet må sjåast i eit to års perspektiv. Det aller meste av inntektene inklusiv påløpte inntekter vert ført i partalsår, medan mykje av kostnadene er like frå år til år.

Årsresultatet syner eit overskot på kr 681.211,- etter skatt for området utleigeaktivitetar som vert overført til annan eigenkapital.


Generelt har vi ei god og stabil drift takka vere motiverte og flinke tilsette. Dette har hjulpet oss også i 2011. Styret meiner at føresetnaden for fortsatt drift er tilstade. Totalt sett er styret godt nøgde med året 2011, og takkar dei tilsette for innsatsen.

Hovdebygda 22.03.12



Ivar Aarskøg
Styreleiar


Ann Britt Våge Fannemel
Nestleiar


Aase Margrete Leite


Roald Espset


Ove Myklebust
(tilsette sin representant)


Petter Bjørdal
Dagleg leiar

VOLDA OG ØRSTA REINHALDSVERK IKS org.nr. 984068085 MVA**RESULTATREKNESKAP**

	Note	2011	2010
DRIFTSINNEKTER OG DRIFTSKOSTNADER			
Driftsinntekter			
Salsinntekt		21 318 929	22 343 025
Annan driftsinntekt		<u>65 457</u>	<u>55 782</u>
Sum driftsinntekter		<u>21 384 386</u>	<u>22 398 807</u>
Driftskostnader			
Varekostnad			16 092
Lønnskostnad	2	7 038 914	6 029 038
Avskrivning	3	2 748 897	2 632 305
Annan driftskostnad	2	<u>12 129 113</u>	<u>11 500 992</u>
Sum driftskostnader		<u>21 916 924</u>	<u>20 178 427</u>
Driftsresultat		<u>-532 538</u>	<u>2 220 380</u>
FINANSINNEKTER OG FINANSKOSTNADER			
Finansinntekt		240 562	426 089
Annan finanskostnad		<u>446 970</u>	<u>380 538</u>
Sum netto finansposter		<u>-206 408</u>	<u>45 551</u>
Resultat før skattekostnad		-738 946	2 265 931
Skattekostnad på ordinært resultat	7	<u>243 482</u>	<u>64 752</u>
Ordinært resultat		<u>-982 428</u>	<u>2 201 179</u>
Arsresultat		<u>-982 428</u>	<u>2 201 179</u>
Årsoppgjersdisposisjonar			
Frå fond til etterdriftstiltak deponi			-74 100
Frå fond slam		-355 632	401 393
Frå fond hushaldning		-1 308 007	1 470 714
Overført annan EK		<u>681 211</u>	<u>403 172</u>
Sum disponert		<u>-982 428</u>	<u>2 201 179</u>

VOLDA OG ØRSTA REINHALDSVERK IKS org.nr. 984068085 MVA**BALANSE PR. 31.12.10**

	Note	2011	2010
EIGEDLAR			
Anleggsmidler			
Varige driftsmidler			
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	3	17 567 332	18 583 460
Driftslausøyre, inventar, verktøy, kontormaskiner og liknande	3	<u>9 015 697</u>	<u>6 398 693</u>
Sum varige driftsmidler		<u>26 583 029</u>	<u>24 982 153</u>
Finansielle anleggsmidler			
Investeringar i aksjar og andelar		<u>1 121 677</u>	<u>946 181</u>
Sum finansielle anleggsmidler		<u>1 121 677</u>	<u>946 181</u>
Sum anleggsmidler		<u>27 704 706</u>	<u>25 928 334</u>
Omlaupsmidler			
Fordringar			
Kundefordringar		1 031 560	2 662 448
Andre fordringar		<u>1 716 401</u>	<u>845 681</u>
Sum fordringar		<u>2 747 961</u>	<u>3 508 129</u>
Bankinnskot, kontantar og liknande	4	<u>8 274 340</u>	<u>8 210 425</u>
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		<u>8 274 340</u>	<u>8 210 425</u>
Sum omlausmidlar		<u>11 022 301</u>	<u>11 718 554</u>
SUM EIGEDLAR		<u>38 727 007</u>	<u>37 646 888</u>

EIGENKAPITAL OG GJELD

EIGENKAPITAL

Opptent eigenkapital

Fond for etterdriftstiltak deponi	762 224	762 224
Fond for slamhandsaming	569 794	925 426
Fond for hushaldning	8 930 724	10 238 731
Fond for reinvestering etter brann		
Annan eigenkapital	<u>7 413 718</u>	<u>6 732 508</u>
Sum opptent eigenkapital	<u>17 676 460</u>	<u>18 658 889</u>

Sum eigenkapital

17 676 460 18 658 889

GJELD

Avsetning for forpliktelsar

Utsett skatt	<u>94 070</u>	<u>45 257</u>
Sum avsetning for forpliktelsar	<u>94 070</u>	<u>45 257</u>

Annan langsiktig gjeld

Gjeld til kredittinstitusjonar	<u>12 854 390</u>	<u>15 279 896</u>
Sum annan langsiktig gjeld	<u>12 854 390</u>	<u>15 279 896</u>

Sum langsiktig gjeld

12 948 460 15 325 153

Kortsiktig gjeld

Leverandørgjeld	6 567 220	2 311 770
Betalbar skatt	194 669	19 495
Skyldige offentlege avgifter	310 912	325 528
Annan kortsiktig gjeld	<u>1 029 286</u>	<u>1 006 053</u>
Sum kortsiktig gjeld	<u>8 102 087</u>	<u>3 662 846</u>

Sum gjeld

21 050 547 18 987 999

SUM EIGENKAPITAL OG GJELD


38 727 007 37 646 888

Hovdebygda 22.03.12


Ivar Aarskog
Styreleiar


Ann Britt Våge Fannemel
Nestleiar i styret


Aase Margrete Leite
Styremedlem


Roald Espset
Styremedlem


Ove Myklebust
Tilsettere representant


Petter Bjørdal
Dagleg leiar

NOTAR TIL REKNESKAPEN FOR 2011

Note 1 **Rekneskapsprinsipp**

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapskikk for små føretak.

Følgjande rekneskapsprinsipp er anvende: det lavaste av kostpris og verkeleg verdi for varer kjøpt inn for vidaresal, forsikra pensjonsforpliktelsar er ikkje balanseførte- kostnader er lik utbetalinga i året til forsikringsselskapet, leigeavtaler er ikkje balanseførte, varige driftsmidlar er som hovudregel avskrive lineært over venta økonomisk levetid.

Note 2 **Tilsette, godtgjersler, lån til tilsette m.v.**

	2011	2010
Løner	5 111 885	4 340 630
Folketrygdavgift	855 842	734 919
Pensjonskostnader	692 637	622 793
Andre lønskostnader	378 550	330 696
Sum lønskostnader	<u>7 038 914</u>	<u>6 029 038</u>

Det har vore 14 tilsette i selskapet i gjennomsnitt i 2011

Godtgjersler	Dagleg leiar	Styre
Løn	640 503	176 472
Pensjonspremie		
Anna godtgjersle	8 902	

Pensjon

Selskapet har plikt til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon. Selskapet si pensjonsordning tilfredsstiller krava i lova.

Pensjonspremie i året: kr. 664195

Revisor

Kostnadsført revisjonshonorar i 2011 utgjør kr. 17500

Note 3 **Varige driftsmiddel**

Kostpris 01.01.11	52 825 364
Tilgang	4 349 773
Avgang	
Kostpris 31.12.11	57 175 137
Akkumulerte avskrivningar kostpris 31.12.11	30 382 707
Balanseførte verdier 31.12.11	26 583 029

Ordinære avskrivningar i året

2 748 897

Note 4 Bundne midlar

Posten inneheld bundne bankinnskot med kr. 310.912

Note 5 Pantsetjingar og garantiar

Gjeld til kredittinstitusjonar kr. 12.854.390 er sikra med garantiar frå eigarane.

Note 6 Eigenkapitalinnskot KLP

Selskapet har pensjonsavtale med KLP som er eit gjensidig selskap. År om anna må KLP styrke eigenkapitalen sin og dette skjer ved at medlemmane vert belasta for eigenkapitalinnskot. I 2011 er det betalt kr. 25.496 som er balanseført som eigenkapitalinnskot.

Sum innbetalt eigenkapitalinnskot er no kr. 247.177

Note 7 Skattekostnad på den skattepliktige delen av verksemda

Årets skattekostnad

Resultatført skatt på ordinært resultat:

Betalbar skatt	194 669
Endring i utsatt skatt	48 813
Skattekostnad ordinært resultat	243 482

Betalbar skatt i årets skattekostnad:

Ordinært resultat før skatt	870 803
Permanente forskjellar	-1 229
Grunnlag for årets skattekostnad	869 574
Endring i midlertidige forskjellar	-174 331
Grunnlag for betalbar skatt i resultatrekneskapen	695 243
Skattepliktig overskot	695 243

Betalbar skatt på årets ordinære resultat	194 669
Sum betalbar skatt ordinært resultat	194 669

Betalbar skatt i balansen:

Betalbar skatt på årets resultat	194 669
Sum betalbar skatt i balansen	194 669

Utsatt skatt på bygningar er ikkje balanseført, jfr. NRS nr. 8

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

Til
Representantskapet for Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS
6160 HOVDEBYGDA

MOTTEKE	
26 MAR 2012	
ARK.NR.	J.NR. 9617

REVISJONSMELDING 2011

Uttalelse om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS. Årsrekneskapen består av årsmelding, resultatrekneskap og balanse pr 31.12.2011 med notar som beskriver nytta rekneskapsprinsipp og andre relevante opplysningar. Resultatrekneskapen viser eit underskot på kr 982.428,-.

Styret sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god regnskapsskikk. Styret har og ansvar for intern kontroll som gjer det muleg å utarbeide eit årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av mislegheiter eller feil.

Revisor sine oppgåver og plikter

Vår oppgave er å gi ein uttale om årsrekneskapen på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Revisjon inneber utførelse av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløp og opplysningar i årsrekneskapen. Dei valte handlingane avheng av revisor sitt skjønn, herunder vurdering av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, enten det har si årsak i mislegheiter eller feil. Ved ein slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapet sin utarbeidelse av eit årsrekneskap som gir ei dekkande framstilling. Formålet er å utforme revisjonshandlingar som er hensiktsmessige etter omstenda, men ikke for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av den interne kontroll. Revisjonen omfattar og ei vurdering av om dei nytta rekneskapsprinsippa er hensiktsmessige og om rekneskapsestimata som er utarbeida er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon

Etter vår meining er årsrekneskapen avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir ei dekkande

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

framstilling av den finansielle stillingen til Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS pr 31. desember 2011, og av resultatet for rekneskapsåret pr. denne dato som er i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk.

Uttalelser om andre forhold

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte i hht attestasjonsstandard ISAE 3000, meiner vi styret har oppfylt plikta si til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk i Norge.

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som beskrevet ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, forutsetninga om fortsatt drift og forslaget til disponering av resultatet er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrift.

Larsnes 22/3-2012

Halldis Moltu
Halldis Moltu

-reg. revisor-